#### **16. Gjennomfør ei prinsipiell avklaring av godtgjering for styreverv**

Råd frå KS:

*Kommunen bør i samband med utarbeiding av eigarskapsmelding ha ein prinsipiell diskusjon om godtgjering av styreverv. Denne bør danna grunnlag for fastsetjinga til eigarorganet av styrehonorar.*







I Midt-Telemark kommune betyr dette at:

- Kommunen forventar at selskapet følgjer dei kommunale retningslinjene for fastsetjing av styrehonorar og leiarlønn.
- Styregodtgjering skal reflektera ansvaret til styret.
- Styreleiar skal godtgjerast høgare enn styremedlemmene.
- Selskap med avgrensa ansvar bør teikna styreforsikring for økonomisk ansvar for alle styremedlemmene.
- Styremedlemmer bør ikkje ta på seg arbeidsoppgåver for det aktuelle selskapet i tillegg til styrevet. Dersom det skjer, skal arbeidsavtalen/oppdragsavtalen blir godkjend av generalforsamlinga.

## 17. Registrera styreverv i KS styrevervregister

Råd frå KS:

*Alle som tek på seg styreverv og som sit i leiinga for kommunale føretak og selskap bør registrerast i [KS styrevervregister](#).*

I Midt-Telemark kommune betyr dette at:

- Lenkje til styrevervregisteret er tilgjengeleg på nettsida til kommunen.
- Alle folkevalde og leiarar som tek på seg styreverv skal registrera desse i styrevervregisteret. Jf. sak. 61/19 i Fellesnemnda.

## 18. Sørgja for at selskapa melder seg inn i ein arbeidsgivarorganisasjon

Råd frå KS:

*Det blir tilrådd at selskapa melder seg inn i ein arbeidsgivarorganisasjon. Samfunnsbedriftene vil vere det naturlege valet for desse selskapa.*

I Midt-Telemark kommune betyr dette at:

- Midt-Telemark kommune forventar at kommunalt eigde selskap er medlem av ein arbeidsgivarorganisasjon.
- Midt-Telemark kommune tilrår medlemskap i Samfunnsbedriftene.





## 19. Sørgje for at selskapsstyra utarbeider og jamleg reviderer etiske retningslinjer for selskapsdrifta

Råd frå KS:

*Kommunens selskap bør ha ei aktiv og bevisst haldning til etiske spørsmål, gjerne fastlagt i egne etiske retningslinjer som utarbeidast for og brukas aktivt i det enkelte selskap.*

I Midt-Telemark kommune betyr dette at:

- Midt-Telemark kommune forventar at selskapet utarbeider etiske retningslinjer og brukar desse aktivt i sitt arbeid.

## 20. Avklare forholdet mellom kommunedirektøren og dagleg leiar av føretaket ved opprettelse av kommunale føretak

Råd frå KS:

*Det blir tilrådd at kommunestyret ved skiping av kommunale føretak går gjennom reguleringa i kommunelova av forholdet mellom kommunedirektøren og dagleg leiar av føretaket.*

I Midt-Telemark kommune betyr dette at:

- Dersom det blir oppretta kommunale føretak kan kommunedirektøren eller dennes avløyssar ikkje sitje i styret for føretaket.
- Kommunedirektøren skal utøve tilsynsfunksjonar på vegner av kommunestyret, og kan på eige initiativ framme saker for kommunestyret som berører drifta i dei kommunale føretaka.

## 21. Sørgje for at kontrollutvalet blir sikra gode nok rammevilkår til å utøve funksjonen sin på ein god måte

Råd frå KS:

*Det blir tilrådd at kommunen innanfor ramma av føresegnene i kommunelova fastset reglar og etablerer rutinar for kontrollen med selskapa, kva dokument som uoppmoda skal sendast kontrollutvalet og kven som har plikt til å sørgje for dette.*

I Midt-Telemark kommune betyr dette at:

- Midt-Telemark kommune oppmodar alle selskap kommunen har eigarinteresser i til å la kontrollutvalet få innsyn i dei dokumenta dei ber om ved utøving av eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av kommunalt eigde selskap





## 1.5 Retningslinjer for valkomitear

Midt-Telemark kommune tilrår at valkomiteen arbeid etter følgjande retningslinjer:

1. Selskapet skal ha ein valkomité med tre til seks medlemmer som blir valde av generalforsamlinga etter forslag frå aksjonærane. Leiaren av valkomiteen blir valt av generalforsamlinga.
2. Medlemmer av valkomiteen skal vere aksjeeigarar eller representantar for aksjeeigarane og skal vere uavhengige av styret og den daglege leiinga i selskapet.
3. Leiaren i styret pliktar å møte i valkomiteen etter innkalling. Valkomiteen kan elles hente inn opplysningar frå styret, og/eller dagleg leiar i selskapet eller andre som kan vere relevante i arbeidet.
4. Valkomiteen skal ta omsyn til dei lovene og forskrifter som gjeld for styrerepresentasjon i selskapet og oppdatere seg på reglar for eigarstyring og selskapsleiing. Dette omfattar også vedtektene til selskapet og eigarskapsmeldinga til Midt-Telemark kommune.
5. Valkomiteen startar arbeidet sitt 2-3 månader før generalforsamlingsmøtet. Dagleg leiar kallar inn til møte i valkomiteen (i selskap som ikkje har dagleg leiar tek styreleiar initiativ til oppstart av prosessen).
6. Valkomiteen legg fram forslag til kandidatlar til verv som styreleiar, styremedlemmer og varamedlemmer (i nummerisk rekkjefølgje). Forslaget skal grunngivast og skal sendast ut saman med innkallinga til generalforsamlinga.
7. Valkomiteen set sjølv grensene for arbeidet sitt, men skal:
  - kontakte styreleiar, styremedlemmer og dagleg leiar i selskapet
  - kontakte dei største aksjeeigarane for å bli kjende med eventuelle styringssignal utover eigarskapsmeldinga. Ordførar skal alltid orienterast om arbeidet og innstillinga, slik at eigar i kommunen (kommunestyret) kan gje styringssignal.
  - innhente eigenvurderinga til styret av verksemda, kompetanse og samansetning
  - ved særskilde behov kontakte eksterne rådgivarar.
  - innhente oppdatert informasjon om honorar i liknande selskap i vårt område, slik at ein reelt kan vurdere om honorar er leiande i nivået på styrehonorar og leiarlønn.
  - lage ei innstilling med relevant informasjon om kandidatane. Eit minstekrav er at ho gjer greie for utdanning, erfaring og alder på styrerepresentantane.
8. Leiaren kallar inn til møte i valkomiteen. Valkomiteen skal også kallast inn dersom to medlemmer, styreleiar eller dagleg leiar ber om det.
9. Før valkomiteen legg fram forslag på kandidatlar skal desse vere spurde om dei er villige til å få vervet som styremedlem eller evt. styreleiar. Berre kandidatlar som har stadfesta at dei er villige til å ha slike verv, skal vere med i forslaget frå valkomiteen.





Når ein vel styrerepresentantar til selskap, skal det leggjast vekt på:

#### Kompetanse

- Den samla kompetansen i styret skal vurderast i forhold til formålet med selskapet
- Styret skal ha både generalist- og fagspesifikk kompetanse.
- Kunnskap om aksjelova, IKS-lova, kommunelova, andre relevante lovar, forskrifter og avtalar som har betyning for selskapsdrifta.
- Kompetanse om private og kommunale rekneskapsprinsipp, og evne til å analysere økonomiske utviklingstrekk.
- Spesialistkompetanse og erfaring på eit eller fleire område som f.eks juss, økonomi, marknadsføring, forvaltning, kommunalkunnskap, teknikk, HMS, leiging eller organisasjon.
- Ha kunnskap om bransjen.
- Ha kunnskap om konkurrerande verksemder.
- Ha kompetanse og erfaring frå styrearbeid.

#### Eigenskapar til styremedlemmene

- Ha glede av og vilje til å jobbe for å oppnå gode resultat.
- Ha mot til å stille kritiske spørsmål til leiinga og dets arbeid og andre i styret.
- Ha evne og vilje til å prioritere tid til arbeid i styret.
- Ha fokus på å gi selskapet eit godt omdømme.
- Ha evne og vilje til å samarbeide.
- Være medvite samfunnsansvaret sitt.

#### Kjønnsmessig balanse

- Det skal arbeidast for ein balansert kjønnsrepresentasjon (minimum 40% av kvart kjønn) i styra.

#### Habilitet

- Som hovdregel skal leiande politikarar (dvs. formannskapet, utvalsleiarar og gruppeleiarar) ikkje sitje i selskapsstyra. Valkomiteen skal i innstillinga si særleg vurdere moglege rollekonfliktar og habilitetsutfordringar etter forvaltningslova.
- Det skal gjerast særlege varsemdivurderingar ved utnemning av styremedlemmer i dotterselskap for å sikre seg mot rolleblanding og inhabilitet.





## 1.6 Retningslinjer for fastsettjing av styrehonorar og leiarløn i selskap

### Innleiing

Formålet med desse retningslinjene er å harmonisere nivå på styrehonorar og leiarløn med andre samanliknbare selskap.

Midt-Telemark kommune skal ikkje vere leiande i nivået på styrehonorar og leiarløn.

I selskap der kommunen er medeigar skal representanten til kommunen i generalforsamlingar/ representantskap fremje desse retningslinjene ved drøfting og fastsettjing av styrehonorar.

Representanten skal også sørge for at styret er gjort kjent med dei kommunale retningslinjene i forhold til dagleg leiars løn.

### Styrehonorar

Fastsettjinga av styrehonorara skal gjerast av generalforsamlinga i aksjeselskap og av representantskapet i interkommunale selskap.

Det er valkomiteen i selskapa som legg fram forslag til styrehonorar.

Styrehonorar bør utformast slik at dei fremjar måloppnåing i selskapet, men skal også stå fram som rimelege i forhold til ansvar, arbeidsbyrde og kompetanse. Ved fastsettjing av styrehonorar skal ein forholde seg til samanliknbare selskap.

Om det er behov for ekstraordinær arbeidsinnsats frå styreleiar eller styremedlemmer, bør det godtgjerast ut i frå medgåtte timar i staden for å oppjustere det faste styrehonoraret. Det skal inngås skriftleg avtale om godtgjering av ekstraordinær arbeidsinnsats i forkant av arbeidet. Avtala skal for styremedlemmer godkjennast av styret. Dersom styreleiar skal føre ekstraordinær arbeidsinnsats skal avtala inngås med eigarane.

I aksjeselskap (AS) og interkommunale selskap (IKS) kan styremedlemmer bli erstatningsmessig ansvarleg, jf. aksjelovas § 7-1 og lov om interkommunale selskap § 38. Det betyr at kvar enkelt medlem har eit personleg ansvar for handlingane sine som styremedlem. Generalforsamlinga eller representantskapet kan vedta å teikne styreansvarsforsikring. Om styremedlemmene er forsikra mot det økonomiske ansvaret, bør dette speglast i fastsettjing av styrehonoraret.

### Varamedlemmer

I selskap der Midt-Telemark kommune er eigar bør det ikkje vere ei fast årleg godtgjering for varamedlemmer. Varamedlemmer bør godtgjerast med ei godtgjering per møte når dei møter på vegner av ein styremedlem.

### Reduksjon av styrehonorar

Midt-Telemark kommune tilrår at styremedlemmer må møte på minst 70 % av tida som er sett av til styremøte og fastsette aktivitetar for å få fullt styrehonorar. Om styremedlemmer ikkje møter på 70 % av tida bør det føre til ei avkorting i styrehonoraret tilsvarsande den prosenten fråværet utgjør.





Sjukdom er legitimert fråvær og bør ikkje føre til avkorting av styrehonoraret.

#### Dagleg leiar

Leiarlønningar i selskap der Midt-Telemark kommune er eigar skal ikkje vere leiande.

Fastsetjing av dagleg leiars lønn skal alltid gjerast av eit samla styre. Styret skal ikkje delegere denne oppgåva til styreleiar åleine.

Dagleg leiars lønn og alle andre nivå skal ta omsyn til andre samanliknbare stillingar i det offentlege og private. I interkommunale selskap (IKS) skal alle nivå av lønningar ta omsyn til andre sammeliknbare stillingar i kommunen.

Lønna skal verke rimeleg i forhold til ansvar, arbeidsbyrde og kompetanse.

Oppjustering av dagleg leiars løn bør følgje den normale lønnsutviklinga i samfunnet.





## 1.7 Selskapas rapportering til eigar

For å sikre politisk behandling og for å gje eventuelle styringssignal til kommunen sine representantar er det viktig at alle sakspapirer t.d. innkallingar og protokollar blir sendt til postmottaket i kommunen (e-post eller i papirpost).

Selskapa skal uoppfordra sende kommunen ([post@mt.kommune.no](mailto:post@mt.kommune.no)) dokumenter som er nedfelt i tabellen nedanfor.

Kva	Når
Generell informasjon om selskapet: <ul style="list-style-type: none"><li>- Kontaktperson</li><li>- Selskapets kontaktinformasjon</li></ul>	Snarast ved nyetablering Fortløpande ved endringar
Selskapets styringsdokumenter: <ul style="list-style-type: none"><li>- Gjeldande aksjonæravtale</li><li>- Selskapsavtale</li><li>- Vedtekter</li><li>- Styreinstruks</li><li>- Strategiplanar</li><li>- Etske retningsliner</li><li>- Budsjet</li></ul>	Snarast ved nyetablering Fortløpande ved endringar
Generalforsamling/representantskap: <ul style="list-style-type: none"><li>- Innkalling og saksdokumenter</li><li>- Årsmelding m/rekneskap</li><li>- Årsplan m/budsjett/årsrapport</li><li>- Grunngeven innstilling på styremedlemar.</li> <li>- Protokoll med tilhøyrande dokumenter (revisorbekrefta årsregnskap og styrets beretning)</li></ul>	<b>Seinast 6 veker før generalforsamling/representantskap</b>  <b>Snarast og seinast 1 mnd etter avholdt møte</b>





## 1.8 Styringsdokumenter

Styringsdokument	Innhald	Ansvar
Intensjonsavtale	Før etablering av eit selskap, anten kommunen er eineigar eller eig saman med andre, kan det skrivast ei intensjonsavtale som gjer retningsliner for etableringa og som ein kan evaluere selskapet mot på eit seinare tidspunkt	Kommunestyret
Selskapsavtale	Nærare beskrivelse av eigarskap, innskott, formål mv. Gjeld for IKS	Eigarutvalet (formannskapet)
Aksjonæravtale	Beskriver einigheit mellom aksjonærane i AS om prioriteringar og retningsliner. Avtala er kun bindande for aksjonærane, -ikkje styremedlemmene. Kan regulere korleis aksjonærane opptrer og stemmer i generalforsamlinga.	Eigarutvalet (formannskapet)
Eigaravtale	Som aksjonæravtale, men gjeld for IKS	Eigarutvalet (formannskapet)
Samarbeidsavtale	Avtale som inngås mellom deltakarane i interkommunalt samarbeid etter kommunelovas kapittel 17-20.	Kommunestyret sjølv
Styreinstruks	Ei rettleiing til korleis styret skal arbeide. Utarbeidast og vedtas av styret. Generalforsamlinga kan vedta styreinstruksen eller krevje å få den framlagt for godkjenning	Styret i AS Eventuelt generalforsamling
Instruks til styret	Generalforsamlinga kan, innanfor det lova eller vedtektene gjer moglegheit til, gje styret instruks om korleis bestemte saker skal behandlast	Generalforsamlinga
Stiftingsdokument	For å stifte eit AS skal den eller dei som skal teikne aksjar i selskapet (stiftarane), opprette eit stiftingsdokument. Dokumentet skal innehalde selskapets vedtekter.	Den som er ansvarleg for etableringa Kommunestyret
Tenesteavtale	Aktuelt der selskapet skal yte tenester tilbake til eigarane eller motsett.	Styret i selskapet og folkevald organ avhengig av delegering







## Del II Selskapsoversyn

### 2.1 Avgrensing av selskapsgjennomgangen

Det vert i denne omtalt dei fleste selskap der kommunen er heil- eller deleigar. Nokre selskap vert det berre referert til i ei konsentrert oppstilling (kap. 2.5).

Det er nytta ein metodikk som gjer at den årlege oppdateringa ikkje vert særleg tidkrevjande.

Følgjande opplysningar vert så langt råd knytt til omtala av det enkelte selskap:

1. Namn på selskapet/samarbeidsorgan
2. Eigarar og eigardelar i pst
3. Formål (refererer stort sett til vedtekter)
4. Sentrale oppgåver for selskapet
5. Styringsform og styringsorgan
6. Kommunens representasjon
7. Kommunens økonomiske engasjement
8. Nøkkeltal for selskapet/samarbeidet
9. Kommenterar (motiv for eigarskap eller andre tilhøve knytt til eigarskapet)

### 2.2 Kommunale føretak (KF)

Midt-Telemark kommune har inga kommunale føretak.

### 2.3 Interkommunale selskap (IKS)

#### 2.3.1 Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalgssekretariat IKS

Organisasjonsnummer: 987 993 766

Etablert: 08.02.2005

Nettside: [www.vetaks.no](http://www.vetaks.no)

Dagleg leiar: Line Bosnes Hegna

#### **Eigarar og eigarandelar**

Selskapet er eigd av 34 kommunar og 3 fylkeskommunar i Vestfold og Telemark og Agder. Midt-Telemark kommune har ei eigarandel på 1,31 %. Aksjekapitalen er på kr 990.000,-.

#### **Formål § 4**

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS skal utføre den lovpålagte sekretærfunksjonen for deltakernes kontrollutvalg. Selskapet kan utføre tilsvarende oppgaver for andre bestillere.

#### **Sentrale oppgåver for selskapet**

Utfører sekretariatsfunksjonen for kontrollutvala i kvar kommune. I tillegg til dei ordinære møtene deltek dei og er arrangør av konferansar og fellesmøte for kontrollutvala.





### Styringsform og styringsorgan

Styret veljast av representantskapet og består av 5 medlemmer. Fire medlemmer og to varamedlemmer, og ein tilsettere representant med personleg vara. Styret veljast for fire år av gongen.

Leiar av representantskapet: Ove Gundersen – Froland kommune (2020-2024)

Nestleiar av representantskapet: Elin Gran Weggesrud – Holmestrand kommune (2020-2024)

Styreleiar: Dag Eide

personleg vara: Oddbjørn Kylland

Nestleiar: Gry Anette R. Amundsen

personleg vara: Lena Maria Naper-Helgestad

Styremedlem: Jone Blikra

personleg vara: Halfdan Haugan

Styremedlem: Kristin Wallevik

personleg vara: Karin Lilletun Langeland

Styremedlem: Torvald Hillestad

personleg vara: Ellen Liane

### Styrehonorar

	Vedtatt i 2020	Vedtatt i 2021	Vedtatt i 2022
Styreleiar (pr. møte)	2 500 + tillegg på 50%		
Styremedlemmer (pr. møte)	2 500	2 500	

### Løn dagleg leiar

Løna til dagleg leiar kjem ikkje fram i årsrekneskapen.

### Kommunens representasjon

Kommunestyret vel ein representant med vara etter framlegg frå den politiske, lokale valnemnda til representantskapet. Representanten og vara veljast for valperioden – 4 år.

Midt-Telemark kommune sin representant for valperioden 2023 - 2027: **Siri Blichfeldt Dyrland**

Vararepresentant: **1. Bjørn Magne Langkås 2. Ingemar Bråten**

**Kommunens eigarinteresse** er effektivisering av tenesteproduksjonen.

### 2.3.2 Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKS

Organisasjonsnummer: 971 309 040

Etablert: 02.02.1992

Nettside: [www.ikakongsberg.no](http://www.ikakongsberg.no)

Dagleg leiar: Wenche Risdal Lund

### Eigarar og eigarandelar

Selskapet har 39 eigarar frå Telemark, Buskerud og Vestfold. Eigarane betalar inn årleg tilskot til drift av selskapet i samsvar med vedtak i representantskapet. Eigartilskottet er berekna ut frå ein fordelingsnøkkel basert på folketalet og eit grunnbeløp vedtatt av representantskapet. Eigarandelen justerast ved inn- og utmelding og ved samanslåing av kommunar/fylkeskommunar.

Midt-Telemark kommune sin eigarandel er 2,65 %.





#### **Formål § 4**

Formålet med selskapet er å legge forholda til rette for eigaranes rasjonelle, funksjonsdyktige og effektive gjennomføring av arkivlovas intensjonar og bestemmelsar. Selskapet skal fungere som arkivdepot for eigarane samt selje kompetanse og arkivtenester for andre. Selskapet skal kunne fungere som fylkesarkiv for deltakande fylkeskommunar, og skal kunne motta privatarkiv. Selskapet skal følgje Lov om arkiv og forskrifter og offentlege arkiv.

#### **Sentrale oppgåver for selskapet**

Selskapet er regulert gjennom ei selskapsavtale, og arbeidsoppgåver er definerte via eit strategidokument. IKA Kongsbergs hovudoppgåve er å legge forholda til rette for eigaranes rasjonelle, funksjonsdyktige og effektive gjennomføring av arkivlova sine intensjonar og føringar, samt å bevare og formidle deponerte arkiv som har rettsleg, forvaltningsmessig og kulturell verdi.

#### **Styringsform og styringsorgan**

Styret består av 6 medlemar kvar 5 veljast av representantskapet etter valkomiteens innstilling. Dei skal ha 3 nummererte varamedlemar. Det siste medlemmet veljast av dei tilsette med vara. Representantskapet har 1 representant frå kvar av eigarane. Representantskapet si valnemnd har 3 medlemar, ein frå kvart fylke.

Styreleiar: Egil Johansen (2023-2024)

Nestleiar: Trude Tvedt (2023-2024)

Styremedlemar: Alfhild Skårdal (2023-2025), Kjell Sletsjøe (2023-2025) og Dag Øyvind Henriksen (2022-2024)

Varamedlemar:

1. Janne Visnes Melgaard (2022-2024)
2. Sven Tore Løkslid (2023-2025)
3. Tina Skarheim (2023-2025)

Valnemnd:

Leiar: Jon Sanness Andersen (2023-2024)

Heidi Granli (2023-2024)

Trond Ballestad (2023-2024)





#### Styrehonorar

	Vedtatt i 2021	Vedtatt i 2022	Vedtatt i 2023
Styreleiar (pr. år)	68 000 (+2 000)	70 000 (+2 000)	73 150
Nestleiar (pr. år)	40 000 (+1 000)	40 000 (+0)	41 800
Styremedlemmer (pr. år)	35 000 (+1 000)	36 000 (+1 000)	37 620
Varamedlemmer (pr. møte)	3 000 (+100)	3 100 (+100)	3 240

#### Løn dagleg leiar

	2020	2021	2022
Ordinær løn	928 000	959 236	980 600
Anna godtgjersle	-	-	-

#### Kommunens representasjon

Kommunestyret vel ein representant med vara etter framlegg frå den politiske, lokale valnemnda til representantskapet. Representanten og vara veljast for valperioden – 4 år.

Midt-Telemark kommune sin representant for valperioden 2023 - 2027: **Siri Blichfeldt Dyrland**  
Vararepresentant: **1. Bjørn Magne Langkås 2. Ingemar Bråten**

**Kommunens eigarinteresse** er motivert av effektivisering av tenesteproduksjonen.

### 2.3.3 Nome og Midt-Telemark Næringsfond IKS

Organisasjonsnummer: 987 363 517

Etablert: 24.09.2004

Nettside:

Dagleg leiar: Per Dehli

#### Eigarar og eigarandelar

Selskapet er eigd av Nome kommune og Midt-Telemark kommune. Midt-Telemark kommune har ein eigarandel på 59 %. Selskapet sin kapital pr. 31.12.20 var kr. 15.980.142,-.

#### Formål § 3

Gi avkastning som skal finansiere næringsutviklingstiltak i Midt-Telemark regionen gjennom Midt-Telemark næringsutvikling AS (MTNU).

#### Sentrale oppgåver for selskapet

Forvaltning av interkommunalt næringsfond.





### **Styringsform og styringsorgan**

Styret består av 3 medlemar. Representantskapet vel både styreleiar og nestleiar. Styret veljast for 4 år.

Styreleiar: Stig Halfdan Kjeldal

Nestleiar: Bjørn Magne Langkås

Styremedlem: Karin Hagen

1. varamedlem: Gry Anette Rekanes Amundsen

2. varamedlem: Ingemar Bråten

3. varamedlem: Hans Sundsvalen

### **Styrehonorar**

Det vert ikkje utbetalt styrehonorar til styret.

### **Styrets oppgåver**

Styret har ansvar for kapitalforvaltninga. 10% av rentemidlane skal settast av til kapitalvedlikehald. Netto avkastning elles gjeng til Midt-Telemark næringsutvikling AS for næringsvinkligningsfremål i Midt-Telemark. Der er kommunedirektøren i Midt-Telemark kommune som er dagleg leiar og forretningsførselen utførast av Nome kommune v/Jan Inge Danielsen. Selskapet yter inga godtgjering til styret eller dagleg leiar.

### **Kommunens representasjon**

Kommunestyret vel ein representant med vara etter framlegg frå den politiske, lokale valnemnda til representantskapet. Representanten og vara veljast for valperioden – 4 år.

Midt-Telemark kommune sin representant for valperioden 2023 - 2027: **Siri Blichfeldt Dyrland**

Vararepresentant: **1. Bjørn Magne Langkås 2. Karin Hagen**

**Kommunens eigarinteresse** i selskapet er ei blanding av finansielt og politisk motivert og bruker avkastninga i næringsarbeidet.

### 2.3.4 Sør-Øst 110 IKS

Organisasjonsnummer: 987 066 857

Etablert: 2018

Nettside: [www.sorost110.no](http://www.sorost110.no)

Dagleg leiar: Kim Haugan





### Eigarar og eigarandelar

Selskapet er eigd av kommunane i Telemark og Vestfold og Buskerud pluss Jevnaker kommune i Oppland. Midt-Telemark kommune sin eigarandel er 1,6 %. Eigarandelar og ansvar er berekna ut i frå folketalet i kvar kommune pr. 01.01.

### Formål § 5

Selskapets føremål er å dekke kommunanes behov, pliktar og oppgåver i samband med «Forskrift om organisering, bemanning og utrusting av brann- og redningsvesen og nødmeldesentralene» § 20, 21, 24, 27 - 35.

Sør-Øst 110 IKS skal ivareta samfunnets behov for profesjonell, samordna og kostnadseffektiv naudalarmering ved brann og ulykker, akutt forureining og andre kriser gjennom eit regionalt samarbeid med brannvesenet og andre naudetatar.

110-sentralens geografiske verkeområde er Sør-Øst 110-region som tilsvarar Sør-Øst politidistrikt.

### Sentrale oppgåver for selskapet

Selskapet påtek seg å utføre oppgåva som 110-sentral for deltakarane iht. ein kvar tid gjeldande brann- og eksplosjonsvernlov med tilhøyrande forskrift.

- Mottak av naudmeldingar på 110 jfr. Brann- og eksplosjonsvernlovens §16
- Utvarsling av uttrykningseiningar
- Etablering av samband og oppfølging under hendingar
- Loggføring av hendingar

### Styringsform og styringsorgan

Styret skal ha 7 medlemmar. Eitt av medlemmane med varamedlem veljast av og blant dei fast tilsette. Styret veljast av representantskapet med unnateke av dei tilsettes representant og vararepresentant. Styrets medlemmar veljast for 2 år av gongen.

Styreleiar: Tor Stickler (2023-2024)

Nestleiar: Torgeir Andersen (2022-2024)

Styremedlem: Per Olav Pettersen (2022-2024)

Styremedlem: Anne Cecilie Guneriussen (2023-2025)

Styremedlem: Hilde Tveit Kirkeby (2023-2025)

Styremedlem: Lill Heidi (2022-2024)

Styremedlem: Jan Rundtom

Valkomit : Representantane fr  Sandefjord kommune, Nome kommune og Drammensregionens brannvesen IKS.

### Styrehonorar

	Vedtatt i 2021	Vedtatt i 2022	Vedtatt i 2023
Styreleiar (pr. �r)	61.020		63 168
Styremedlemmer (pr. �r)	40.680		42 120
Observat�r (pr. �r)	24 000 + 1,7%		25 272

For regulering av styrehonorar er det vedtatt i 2021, 2022 og 2023   bruke kommunal deflator.





### Løn dagleg leiar

	2020	2021	2022
Ordinær løn	753 586 (+16 717)	770 261	796 927
Anna godtgjersle	-	-	-

### Kommunens representasjon

Kommunen har eit medlem med personleg varamedlem i representantskapet. Representanten oppnemnst for kommunevalperioden på 4 år.

Midt-Telemark kommune sin representant for valperioden 2023 - 2027: **Siri Blichfeldt Dyrland**  
Vararepresentant: **1. Bjørn Magne Langkås 2. Ingemar Bråten**

**Kommunens eigarinteresse** i selskapet er motivert av effektivisering av tenesteproduksjonen.

### 2.3.5 Vestfold og Telemark revisjon IKS

Organisasjonsnummer: 923 822 410

Etablert: 05.09.2019

Nettside: [www.vtrevisjon.no](http://www.vtrevisjon.no)

Dagleg leiar: Linn Therese Bekken

### Eigarar og eigarandelar

Selskapet er eigd av 23 kommunar i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommuner. Midt-Telemark kommune sin eigarandel er 2,70 %.

### Formål

Vestfold og Telemark revisjon IKS skal utføre lovpålagte revisjonsoppgåver for deltakarane. Vestfold og Telemark revisjon IKS kan utføre andre revisjonsoppdrag og rådgjeving for deltakarane. Selskapet kan også utføre revisjonsoppdrag og rådgjeving for andre selskap.

Selskapet har ikkje erverv til formål.

### Sentrale oppgåver for selskapet

Utfører revisjon og andre liknande tenester for eigarane.

### Styringsform og styringsorgan

Styret i selskapet består av 7 medlemmar med seks varamedlemmar i vald rekkje og eit personleg varamedlem for den tilsettes representant. 6 styremedlemmar og seks varamedlemmar veljast av representantskapet og 1 representant med vararepresentant for dei tilsette veljast av og blant dei tilsette. Dei tilsette har i tillegg ein observatør med møte og talerett.





Styreleiar: Annette Røren Hem (2023-2025)

Nestleiar: Edvard Mæland (2023-2024)

Styremedlemar: Helene Marie Naper (2023-2025), Jan Helge Fosse (2023-2025), Svein Inge Nyhus (2022-2024) og Henriette Folkestad (2022-2024).

Varamedlemar:

1. vara: Nils Per Hovland (2023-2025)
2. vara: Liv Grinde (2023-2025)
3. vara: Kjell Ekman (2022-2024)

### Styrehonorar

	Vedtatt i 2021	Vedtatt i 2022	Vedtatt i 2023
Styreleiar (pr. år)	42 500	42 500	44 750
Nestleiar(pr. år)	18 250	18 250	19 250
Styremedlemmer (pr. år)	15 000	15 000	16 250

I tillegg til det faste honoraret utbetalast ei ulegitimert møtegodtgjering for tapt arbeidsforteneste for dei som er i arbeid, på kr. 1.325,- per møte. Dette gjelder også for vararepresentantar som møter.

### Løn dagleg leiar

	2020	2021	2022
Ordinær løn	1 023 218 (-1 620)	1 062 079	1 114 205
Anna godtgjersle	7 000	8 282	0

Det har vore skifte av dagleg leiar i 2021. Løna er berekna ut i frå tenestetida til tidlegare dagleg leiar og den noverande dagleg leiar.

### Kommunens representasjon

Kommunen har eit medlem i representantskapet. Kommunestyret vel representant med vara etter framlegg frå den lokale, politiske valnemnda. Veljast for valperioden – 4 år.

Midt-Telemark kommune sin representant for valperioden 2023 - 2027: **Siri Blichfeldt Dyrland**

Vararepresentant: **1. Bjørn Magne Langkås 2. Ingemar Bråten**

**Kommunens eigarinteresse** i selskapet er motivert av effektivisering av tenesteproduksjonen.







## 2.4 Aksjeselskap (AS)

### 2.4.1 Bø Blad AS

Organisasjonsnummer: 842 831 032

Etablert: 25.11.1986

Nettside: [www.boblاد.no](http://www.boblاد.no)

Dagleg leiar: Hilde Eika Nesje

#### **Eigarar og eigardelar**

Selskapet har 103 aksjonærar som til saman eig 411 aksjar à kr. 250,-. Selskapets aksjekapital er på kr. 102.750,-. Midt-Telemark kommune har 50 aksjar som tilsvarar ein eigarandel på 12,17%. Dei største aksjonærane er Lepperød Invest AS med 27,74% og Sparebanken DIN med 9,73%.

På generalforsamlinga 28.04.2011 var det gjort fylgjande vedtak i § 7 i vedtektene:  
«Ein aksjonær kan ikkje, verken direkte eller indirekte, eige meir enn 30 prosent av aksjane i selskapet».

#### **Formål**

Selskapets føremål er å drive avis og alt som står i samband med dette.

#### **Styringsform og styringsorgan**

Selskapets styre skal ha fem medlemar og tre varamedlemar, og ein valnemnd på tre personar. Styremedlemane blir valde for 2 år, men slik at ikkje alle er på val om gongen. Varamedlemane blir valde for 1 år av gongen.

Styreleiar: Eivind Eckbo (2023-2024)

Styremedlemar: Anette M. Momrak (2023-2025), Per Simon Slettebø (2023-2025), Heidi Christoffersen (2022-2024) og Karl Gunnar Sanda (2022-2024).

Varamedlemar:

1.vara: Olav Kasland (2023-2024)

2.vara: Hans Martin Rugstad (2023-2024)

3.vara: Heidi Kjellsen Bærland (2023-2024)

Valnemnd: Jan Lepperød (2023-2024), Bergit Grevi (2023-2024) og Glenn Thore Isaksen (2023-2024).

#### **Styrehonorar**

	Vedtatt i 2021	Vedtatt i 2022	Vedtatt i 2023
Styreleiar (pr. år)	30 000 (+10 000)	30 000 (+0)	
Styremedlemmer (pr. år)	5 000	5 000	
Styremedlemmer (pr. møte)	500 (-500)	500	

I tillegg får styremedlemmane fritt abonnement på avisa så lenge dei sit i styret.





### Løn dagleg leiar

	2020	2021	2022
Ordinær løn	734 756 (+110 161)	Ingen tal	Ingen tal
Anna godtgjersle	19 806 (+4 445)	Ingen tal	Ingen tal

### Kommunens representasjon i generalforsamlinga

Midt-Telemark kommune sin representant for valperioden 2023 – 2027: **Siri Blichfeldt Dyrland**

### Nøkkeltal for selskapet

	2020	2021	2022
Driftsinntekter	8 275 833	9 780 201	9 574 090
Driftsresultat	754 304	752 316	-640 597
Resultat før skatt	752 783	755 739	-429 059
<b>Balanserekneskap</b>			
Omløpsmidlar	3 381 631	5 706 657	3 847 730
Anleggsmidlar	1 189 700	1 172 675	1 335 809
Sum eigenkapital	1 674 160	2 261 040	1 836 538
Sum gjeld	2 897 171	4 618 291	3 347 001

Kjelde: Årsrapportar

### Historikk

Kommunen si eigarinteresse var vel i utgangspunktet å ha eit organ å informere gjennom. I starten fekk avisa ein viss sum i året i støtte (opp mot kr. 40.000,-), men med pressestøtte og vedtak av Redaktørplakaten på midten av 1990-talet forsvann denne. Slik sett står avisa friare i dag, og utgangspunktet for kommunen i dag bør vel vera at ein ønskjer ei uavhengig og kritisk lokalavis i Midt-Telemark, og at ein som eigar kan vera med på å sikre at ein har eit slikt organ i lokalsamfunnet.

05.09.2011 vart det i kommunestyret i Bø gjort følgjande vedtak: «Kommunestyret gjer vedtak om at aksjane i Bø Blad blir seld – vedteke med 14 mot 9 røyster. Mindretalet – 9 – røysta for kommunedirektøren si tilråding om at kommunen beheld aksjane i Bø Blad (23 representantar ved røystinga).» Sal av aksjar kom opp til ny handsaming i etter interpellasjon hausten 2011. Kommunestyret i Bø gjorde i sak 94/11 vedtak med 15 mot 9 røyster at salet av aksjar i Bø Blad vert stoppa.

Bø Blad AS fekk tilbud om å kjøpe aksjane i Kanalen, og i desember 2017 kjøpte Bø Blad alle aksjane i avisa Kanalen. Avisene hald fram kvar for seg.

I 2022 kom den 37. årgangen av avisa ut. Bø Blad hadde ein oppgang på 108 aviser i netto opplag andre halvår i 2022. Godkjent opplag er nå 2.806.





**Kommunens eigarinteresse** er samfunnsmessig motivert med eit ønskje om å behalde ei uavhengig og kritisk lokalavis i Midt-Telemark og at ein som eigar kan vera med på å sikre at ein har eit slikt organ i lokalsamfunnet.

## 2.4.2 Midt-Telemark Kommunale Eigedom AS

Organisasjonsnummer: 963 198 752

Etablert: 01.08.1991

Nettside: [www.mtke.no](http://www.mtke.no)

Dagleg leiar: Helge Hallingby

### Eigarar og eigardelar

100% eigd av Midt-Telemark kommune.

Selskapets aksjekapital er kr. 457.000,- fordelt på 457 aksjar à kr. 1.000,-.

### Formål

Selskapets føremål er:

- Kjøp, sal, drift og oppføring av fast eigedom
- Utleige av personell
- Utvikle forprosjekter for handel, industri, reiseliv og andre i tilknytning til selskapets eigedomar
- Elles alt som naturleg står i forbindelse med prosjektutvikling og prosjekterialisering i tilknytning til selskapets føremål

### Styringsform og styringsorgan

Selskapet leiest av eit styre med leiar og fire styremedlemar.

Det er oppretta ei eiga valnemnd som skal koma med framlegg på styrerepresentantar og styreleiar til generalforsamlinga. Tre varamedlemmer skal veljast i numerisk orden, for to år av gangen.

Styreleiar: Gunnar Snippen (2023-2024)

Styremedlemar: Bente Dysthe (2022-2024), Arnt Langkaas (2022-2024), Ingrid Kvissel (2023-2025), Trygve Myrene (2023-2025).

Varamedlemar: Elin Kjartansdottir (2022-2024) og Olav Tangen (2023-2025).

Valnemnda: Harald Kinck (leiar), Borgar Kaasa og Evy Beate Stykket.

### Styrehonorar

	Vedtatt i 2021	Vedtatt i 2022	Vedtatt i 2023
Styreleiar (pr. år)	55 000 (+0)	60 000 (+5 000)	60 000
Styremedlemmer (pr. år)	10 000 (+0)	11 000 (+1 000)	11 000
Varamedlemmer (pr. møte)	2 000 (+0)	2 000 (+0)	2 000





I tillegg har dei ei godtgjersle på kr. 2.000,- per møte.

Leiar av valkomiteen har ei fast godtgjersle på kr. 3.000,- og medlemmer av valkomiteen har kr. 1.000,- per møte.

#### Løn dagleg leiar

	2020	2021	2022
Ordinær løn	855 200 (+265 225)		
Anna godtgjersle	6 852 (+192)		

Løna til dagleg leiar kjem ikkje fram av årsrekneskapet.

#### Kommunens representasjon i generalforsamlinga

Midt-Telemark kommune sin representant for valperioden 2023 – 2027: **Siri Blichfeldt Dyrland**

#### Selskapet eig i dag følgjande eigedomar

- **Bøhamna barnehage**, Lundevegen 63 – Bøhamna barnehage leigast ut til Midt-Telemark kommune.
- **Kroa**, Lundevegen 61 – Studentkro
- **Napastaa**, Gvarvvegen 48 -58 – Leigast ut pr. i dag til forskjellige verksemder. Eigedomsmassane består av fire forskjellige bygg, er av varierende type og alder.
- **Bekkevoll**, Gullbringvegen 20 – Leigetakar er Midt-Telemark kommune kor teknisk eining hald til, men også Midt-Telemark Kommunale Eigedom AS har sitt kontor her.
- **Valenvegen 2** – Bygget brukast foreløpig mest som tradisjonelle kontor og næringslokale, men har spesialtilpassa ein del av bygget til ambulansetenenesta for Sykehuset i Telemark.
- **Valenvegen 6** – Eit handelsbygg, kvar det er inngått langsiktige avtaler med Europris.
- **Gullbring Kulturanlegg** – Bygget leigast ut til Midt-Telemark kommune. Sjå nedanfor.
- **Akkerhaugen** – Dei gamle kommunehusa på Akkerhaugen er overtatt av Midt-Telemark Kommunale Eigedom AS.
- **Gamleveg 35** – Talenhuset held til her.

#### Eigarmøte

Minimum ein gong i året. Kommunen har ansvaret for å kalle inn. Minimum kommunedirektør og ordførar deltek frå kommunen. Frå selskapet minimum styreleiar og dagleg leiar. Det er også jamleg og uformell kontakt mellom selskapet og kommunen.

#### Styringssignal frå Midt-Telemark kommune til selskapet

Midt-Telemark Kommunale Eigedom AS skal vere kommunen sitt selskap for forvaltning av eigedomar og bygg og for strategisk utvikling på område. Primæroppgåva skal vere kontor- og næringsbygg. Selskapet er eit AS og skal drivast etter forretningsmessige prinsipp, jf. aksjelova.

Det er eit tett samarbeid mellom Midt-Telemark Kommunale Eigedom AS og Boligstiftelsen i Midt-Telemark og målet er å ha best mogleg arbeidsdeling sett i høve til både økonomi og måloppnåing. Dagleg leiar i MTKE er også dagleg leiar i Stiftelsen. Vaktmeister i MTKE er også vaktmeister





i Boligstiftelsen. Dette avregnes årleg mellom dei to verksemdene, etter ei på førehand avtalt kostnadsdeling. I rolla som dagleg leiar i Boligstiftelsen rapporterer Hallingby til eit eige styre i Boligstiftelsen bestående av fem personar. MTKE har dei siste åra også hatt ansvaret for Sauherad Boligstiftelse som nå er nedlagt.

#### Nøkkeltal for selskapet

	2020	2021	2022
Driftsinntekter	9 469 462	10 008 560	12 682 452
Driftsresultat	1 636 976	3 156 471	5 039 537
Resultat før skatt	66 280	1 632 570	2 936 282
<b>Balanserekneskap</b>			
Omløpsmidlar	5 477 790	5 592 844	10 557 904
Anleggsmidlar	64 124 119	67 671 125	63 849 900
Sum eigenkapital	7 869 890	11 143 295	13 433 243
Sum gjeld	62 732 019	62 120 674	60 974 561

Kjelde: Årsrapportar

**Kommunens eigarinteresse** er ei blanding av politisk/samfunnsmessig og finansielt motivert og MTKE er eit viktig reiskap både for forvaltning av kommunen sine eigedomar og verdjar, samt for vidareutvikling av Midt-Telemark-samfunnet generelt og Midt-Telemark som regionsenter spesielt.

#### 2.4.2.1 Gullbring Kulturanlegg AS (datterselskap)

Organisasjonsnummer: 961 683 696

Etablert: 27.03.1991

Nettside: [www.gullbring.no](http://www.gullbring.no)

Dagleg leiar: Helge Hallingby

#### Eigarar og eigardelar

Selskapet har pr. 31.12.22 ein aksjekapital på kr. 6.590.400,-, 65.904 aksjar à kr. 100,-. Midt-Telemark Kommunale Eigedom AS er hovudaksjonær med 65.760 aksjar og eigar såleis ca 99,8% av selskapet.

#### Formål

Forvalte, drifte og halde vedlike kulturbygget Gullbring Kulturanlegg med anlegg og uteområde, i Midt-Telemark. Selskapet skal leige ut kulturlokale, fleirbrukshall, miljøbad, kontor- og administrasjonslokale, trenings- og frisklivslokale, møte- og konferanselokale og kafé. Selskapet skal drivast etter gode forretningsmessige prinsipp, men ikkje slik at høgast økonomisk vinning er hovudformålet. Det skal ikkje betalast utbytte frå selskapet.





### Styringsform og styringsorgan

Styret har 6 styremedlemar som blir valt av generalforsamlinga.

Styreleiar: Helge Hallingby

Nestleiar: Gunnar Snippen

Styremedlem: Bente Dysthe

Styremedlem: Trygve Myrene

Styremedlem: Arnt Langkaas

Styremedlem: Ingrid Alise Kvissel

### Styrehonorar

	Vedtatt i 2021	Vedtatt i 2022	Vedtatt i 2023
Styreleiar (pr. år)	40 000 (-40 000)		
Styremedlemmer (pr. år)	10 000 (+0)		
Varamedlemmer (pr. møte)	800		

### Løn dagleg leiar

Dagleg leiar blir løna gjennom stillinga si i MTKE.

### Kommunens økonomiske engasjement

Midt-Telemark kommunestyre vedtok den 08.03.21 å kausjonere for lån til refinansiering og oppgradering av Gullbringbygget på inntil 50 millionar til Gullbring Kulturanlegg AS. Kausjonsansvaret startar ved opptak av lånet og reduserast i tråd med nedbetaling av lånet over 25 år. Midlane nyttas til å refinansiere gjeld i Gullbring Kulturanlegg AS på om lag 36 mill., og til ein oppstart av naudsynt oppgraderingsarbeid.

### Nøkkeltal for selskapet

	2020	2021	2022
Driftsinntekter	17 841 000	14 433 000	8 671 000
Driftsresultat	841 000	1 453 000	2 171 000
Resultat før skatt	79 000	921 000	1 490 000
<b>Balanserekneskap</b>			
Omløpsmidlar	5 266 000	8 130 000	8 290 000
Anleggsmidlar	30 521 000	29 480 000	27 429 000
Sum eigenkapital	-5 395 000	1 526 000	3 021 000
Sum gjeld	41 181 000	36 084 000	33 208 000

Kjelde: Årsrapportar





### **Historikk**

Gullbring kulturanlegg AS har hatt ein vanskeleg økonomi. Eigenkapitalen er brukt opp og selskapet har hatt dårleg likviditet. Kommunen har eit stort økonomisk engasjement i anlegget som er forankra i avtale med Gullbring kulturanlegg AS. Sjølv etter eit auke i tilskotet frå kommunen i 2017 var likviditeten svært anstrengt og for å betre på situasjonen var planen å endre løpetida på låna i selskapet. Ettersom Fylkesmannen sa nei til dette, har styret i Gullbring kulturanlegg AS i eigarmøte 08.05.2018 drøfta saka med ordførar og kommunedirektør.

Kommunedirektøren vurderte da at det var eit behov for gjennomgang av økonomi, organisering og styring av Gullbring kulturanlegg AS.

Kommunestyret i Bø vedtok 11.06.2018 å gjennomføre ei ekstern gjennomgang av Gullbring kulturanlegg AS sin økonomi og organisasjonsform for å få fram berekraftige økonomiske og organisatoriske løysingar som sikrar vidare drift og vedlikehald. Ein ekstern gjennomgang bestod i juridisk og økonomisk kunnskap om drift av kulturhus.

I 2019 var det ein prosess der ein har sett på ulike løysingar for korleis sikre ei berekraftig drift av Gullbring-anlegget som og sikrar USNs interesser som stor leigetakar. Etter ein lang prosess vedtok kommunestyret i februar 2020 at Midt-Telemark Kommunale Eigedom AS (MTKE AS) skal overta drifta av bygget. Aktiviteten og tilsette blir overført til kommunen (verksemdoverdraging).

Midt-Telemark kommune har i årsskiftet 20/21 overført sine aksjar til Midt-Telemark Kommunale Eigedom AS. Etter dette har MTKE refinansiert Gullbring Kulturanlegg AS og fått på plass ein berekraftig leigeavtale med kommunen. Gullbring Kulturanlegg AS har nå positiv eigenkapital og tilfredsstillande likviditet, men står framfor mange og store vedlikehaldsoppgåver i åra som kjem.

### 2.4.3 E134 Haukelivegen AS

Organisasjonsnummer: 982 420 857

Etablert: 10.01.2001

Nettside: [www.134.no](http://www.134.no)

Dagleg leiar: Pål Kårbø

#### **Eigarar og eigardelar**

Midt-Telemark kommune eig 10 aksjar à kr. 1.000,- pr. 31.12.2022. Dette tilsvarar 2,174%. Selskapets totale aksjekapital pr. 31.12.2022 er kr. 460.000,- fordelt på 43 aksjonærar.

#### **Formål**

Selskapet har som føremål å arbeide for utbygging og standardheving av transportkorridoren E134 Karmøy-Frogn, RV36 Seljord-E18 og samarbeidet E134 -Bergen. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren når dette styrker arbeidet for korridoren. Selskapet kan ta initiativ til å opprette finansieringsselskap og utbyggingselskap.





Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide saman med andre selskap med tilsvarande føremål. Selskapet står elles fritt til å setje i verk tiltak og bruke dei verkemiddel som er tilgjengeleg og aktuelle for å fremje føremålet til selskapet.

Overskot/underskot skal disponerast etter norske lovar og vedtekter. Selskapet skal ikkje betale utbytte.

### Styringsform og styringsorgan

Styret i selskapet skal vere på 10 medlemmar. Den eine styreplassen blir øyremerka ein representant for næringslivet. Styremedlemmar blir valde for 2 år om gongen. I tillegg skal det veljast 10 vararepresentantar i numerisk rekkefølge, også desse for 2 år om gongen.

Styreleiar: Roald Aga Haug

Nestleiar: Edvard Mæland

Styremedlemar: Arne Bergsvåg, Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Arve Helle, Ruth Grethe Østebøvik Eriksen, Bengt Halvard Odden, Jon Rikard Kleven, Benedicte Sebjørnsen og Lene Conradi.

Varamedlemar:

1. Leif Malvin Knutsen
2. Bjørg Tveito Lundefaret
3. Anne Nora Oma Dahle
4. Ragnfrid Sønstabø
5. Siri Blichfeldt Dyrland
6. Petter Eilefsen
7. Siri Klokkestuen
8. Vilde Ingeborg H. Håvardrud
9. Eivind Tokheim
10. Ole Johan Vierdal

Valnemnd: Gry Fuglestveit (leiar), Torgeir Næss, Anne Aasmundstveit, Jarle Nilsen og Siri B. Dyrland.

### Styrehonorar

	Vedtatt i 2021	Vedtatt i 2022	Vedtatt i 2023
Styreleiar (pr. år)	10 000 (+0)	10 000	12 000
Styreleiar (pr. møte)	2 000 (+0)	2 000	2 500
Styremedlemmer (pr. år)	2 000 (+0)	2 000	2 500
Varamedlemmer (pr. møte)	2 000 (+2 000)	2 000	2 500

For tapt arbeidsforteneste utbetalast det kr. 300,- i timen inntil kr. 2.500,- per møte.

### Løn dagleg leiar

	2020	2021	2022
Ordinær løn	849 528	994 941	
Anna godtgjersle	38 232	9 364	







### Kommunens representasjon i generalforsamlinga

Midt-Telemark kommune sin representant for valperioden 2023 – 2027: **Siri Blichfeldt Dyrland**

### Kommunens økonomiske engasjement

Kostnad i 2024 blir kr. 46.000,-

Kostnad i 2023 var kr. 43.940,-

Kostnad i 2022 var kr. 42.500,-

### Nøkkeltal for selskapet

	2020	2021	2022
Driftsinntekter	1 242 540	1 335 754	1 777 852
Driftsresultat	-1 252 392	-461 442	-199 558
Resultat før skatt	-1 229 611	-437 715	-162 671
<b>Balanserekneskap</b>			
Omløpsmidlar	2 588 783	2 177 263	2 031 741
Anleggsmidlar	0	0	0
Sum eigenkapital	2 342 052	1 904 337	1 741 666
Sum gjeld	246 732	272 926	290 075

Kjelde: Årsrapportar

**Kommunens eigarinteresse** er av samfunnsmessig karakter.

Kommunen er medeigar for å stø eit arbeid som kommunen vil ha stor nytte av i form av betra samferdsel, og dei ringverknadane det kan gje for næringsliv og busetnad.

## 2.4.4 IRMAT AS

Organisasjonsnummer: 984 364 458

Etablert: 22.02.2002

Nettside: [www.irmat.no](http://www.irmat.no)

Dagleg leiar: Ove Reidar Moen

### Eigarar og eigardelar

Selskapet sin aksjekapital er på kr. 4.000.000,- fordelt på 4.000 aksjar à kr. 1.000,-.

Midt-Telemark kommune har 1620 aksjar som tilsvarar 40,5 % eigarandel. Dei andre eigarane er Notodden kommune med 52,30% og Hjartdal kommune med 7,20%. Aksjeeigaravtalen blei revidert den 16.12.2019.

### Formål

IRMAT skal vere eit leiande avfallsselskap i regionen og bli oppfatta som det naturlege val for mottak og vidarehandtering av alt avfall. Mål for kommunale renovasjonsoppgåver er å tilby eigarkommunane høg kvalitet til låg pris. Mål for næringsverksemda er at IRMAT skal utvikle Goasholtmyra til eit attraktivt og moderne industriområde som nyttar avfall som ressurs.





### Sentrale oppgaver for selskapet

IRMAT AS skal ivareta følgjande oppgaver for sine eigarkommunar:

1. *Innsamling og transport av alle avfallstyper i eigarkommunane.*
2. *Behandling av avfall frå hushaldningane i eigarkommunane.*
3. *Eigarkommunane har leveringsplikt til selskapet. Selskapet skal stimulere til heimekompostering av våtorganisk avfall.*
4. *Fakturering og innkrevjing av renovasjonsavgifta etter nærare avtale med eigarkommunane.*
5. *Selskapet skal vere ein pådrivar ovanfor eigarkommunane, lokalt næringsliv og innbyggjarane når det gjeld miljømessig utnytting av avfallet.*
6. *Selskapet skal nytte dei økonomiske moglegheiter som ligg i stordriftsfordelar og kommersiell tenesteyting i avfallsmarknaden.*

Selskapet har pr. dags dato overtatt ansvaret for dei nemnte funksjonar bortsett frå punkt 4.

### Styringsform og styringsorgan

Styret kan bestå av 5-8 medlemmar, styret har sidan stiftelsen bestått av 5 styremedlemmar. Øvste organ er generalforsamlinga, som skal haldast kvart år innan utgangen av april månad. Ein av styremedlemane skal veljast mellom dei tilsette. Generalforsamlinga vel styrets leiar og nestleiar for eit år. Generalforsamlinga veljar kvart år ei valnemnd med eit medlem frå kvar av eigarane til å fremja forslag ovanfor generalforsamlinga på val av styre. Formålet med ein valkomité er å sikre eit styre med breiast mogleg kompetanse.

Styrelleiar: Helge Granlund (2023-2024)

Nestleiar: Olav Lahus (2023-2024)

Styremedlem: Tone Margit Ø. Steinhaug (2023-2025)

Styremedlem: Anlaug Elisabeth Tveitan (2023-2025)

Tilsettes rep.: Lars Roar Martinsen (2023-2025)

Varamedlemmer:

Ragnar Frøland (2022-2024)

Oddvar Nygård (2022-2024)

Ailin Aastvedt (2022-2024)

Espen Hagen – tilsettes rep. (2023-2025)

Valkomit  for perioden 2023-2024:

Torgeir Bakken (Notodden (leiar), Heidi Hovde Skårnes (Hjartdal (nestleiar) og Jan Lepperød (Midt-Telemark).





### Styrehonorar

